

Læringsnettverk berekraftig omstilling – oppsummering frå 2. samling

Sunnfjord kommune deltek i [læringsnettverk for berekraftig omstilling](#) i regi av KS og Statsforvaltaren.

Andre samling var i Bergen 8. og 9. april 2025

Frå Sunnfjord kommune deltok: ordførar Jenny Følling (dag 1), gruppeleiar Venstre Gunn Merete Paulsen, kommunedirektør Terje Heggheim, hovudtillitsvald Janne Alette Fugle, kommunalsjef omsorg Kirstin Bruland, kommunalsjef skule Åge Stafsnes og ass. kommunedirektør Lise Mari Haugen

Følgjande meldte forfall frå Sunnfjord kommune: varaordførar Helge Robert Midtbø, gruppeleiar Høgre Anne Lilleaasen, politisk vara Aasmund Berthelsen og leiar fagutvikling/planforum Liv Janne Bell Jonstad.

Samlinga hadde følgjande sentrale tema:

- **Dagens og morgondagens helse- og omsorgstenester**
Helse- og omsorgstenestene står overfor fleire utfordringar, både i dag og i framtida. Auka behov på grunn av ein aldrande befolkning og fleire med funksjonsvaskar legg press på ressursane.
 - Korleis prioriterer vi når ressursane er knappe? v/ Mari Trommald, avdelingsdirektør KS Helse/Velferd
 - Kva er det juridiske handlingsrommet for prioritering? v/ Anette Olsen, advokat hjå KS Advokater
 - Chriss Madsen, KS Konsulent: kva fortel tala oss?
 - Kommuneeksempel på omstilling i helse- og omsorgstenestene: Bømlo kommune v/ kommunalsjef Kjell Magnar Mellesdal
- **Leiging i omstilling**
Å leie omstilling av kommunal sektor kan vere krevjande av fleire grunnar. Ein grunn er at det inneber å handtere gapet mellom kva som blir forventa, og kva som faktisk kan leverast. Dette gapet blir gjerne også forsterka når forventningane endrar seg raskare enn kva organisasjonen evnar å tilpasse seg.
 - Andre Mundal: Dei flinkaste sluttar og systemparadokset – leiging i ei brytningstid
 - Kommuneeksempel: Sunnfjord kommune v/ T. Heggheim og L.M. Haugen
- **Samspelet med samfunnet**
Samspel med samfunnet spelar ei avgjerande rolle i omstillingsprosessar. Gjennom tillitsbasert samspel vil ein kunne oppnå aksept, forståing og støtte for behovet for endringar

- Dag-Henrik Sandbakken, fagsjef KS: Innleiande refleksjonar om samspel med samfunnet
- Røros kommune v/ ordførar Isak Veierud Busch og kommunedirektør Kjersti Jensås: Omstilling og innbyggjarinvolvering
- Saman om løysingane: leiing og innbyggarmedverknad i helse og omsorg

Under kvar tema gjorde Sunnfjord kommune eigne refleksjonar:

Korleis prioriterer vi i dag i vår kommune?

- Vi prioriterer litt for mykje adhoc. Blir for mykje brannsløkking. Lar oss drive med. Litt for lite styring på prioriteringane våre.
- Samanslått kommune som har vore opptatt av å lukkast. Det har gjort oss til ja-kommune. Vi har villa mykje i samfunnsdelen som har utfordra oss til struktursaker innan barnehage og skule. Gape høgt. Kanskje tok vi samfunnsdelen for tidleg i ein ny kommune. Vi har ikkje definert kva tenestetilbod vi skal ha i dei ulike tettstadane. Samfunnsdelen er eit «ønskedokument».

Framover må vi prioritere både annleis og i større grad. Kva grep må vi gjere i vår kommune for å få det til?

- Dei prosessane vil står i vil utfordre dei tradisjonelle kommunale prosessane. Krev heilt andre samhandlingsprosessar mellom politikk og administrasjon framover. Realistisk justere ambisjonsnivået i samfunnsdelen. Må tørre å ta ekte prioriteringar. Prioritere ned og ikkje berre opp. Kjem til å kome i fleire dilemma; mellom sektorar og mellom sektor og heilheit.
- Må definere tenestene i eit langsiktig perspektiv og ei god forankring. Kompliserte saker krev samhandling mellom politikk og administrasjon.
- Vi må lausrive tankegodset frå gjeldande samfunnsplan. Forventningar ligg i dag til ambisjonane i samfunnsdelen.
- Forventningsavklaring er svært viktig. Viktig at vi er gode på å formidle dette ut og ha dialog på dette.
- Kommunikasjon av prioriteringar blir svært viktig.

Kva er mitt bidrag til at i vi vår kommune klarar å gjere dei “rette” prioriteringane?

- Politikk: høyre på faglege råd men må ha politisk sidesyn. Reelt gjennomførbart i ein heilheit. Stille spørsmål og gjer vedtak i tråd med økonomiske rammer vi har til disposisjon.
- Administrasjon: Legge til rette for ei god samhandling mellom politikk og administrasjon. Viktig at tillitsvalde blir involvert. Forventningsavklaringar ut til tilsette for å klare å justere kvalitet.

Korleis skal vi utøve leiarskap og inspirere på ein slik måte at det setter felles retning for utviklinga i vår kommune?

- Kommunikasjon/historieforteljing. Må klare å fortelje kor vi skal.
- Realistiske prosessar
- Respekt for kvarandre sin ståstad
- Å hjelpe kvarandre som partar
- Lite tillit ute i organisasjonen ref. instruks. Skal ein tørre å utfordre rammene ute i organisasjonen treng leiarane meir tillit og ikkje mindre.

Kva har vi høyrte i kommunebesøka som eg/vi ynskjer at vår kommune prøver ut?

- Usikker på innbyggjarpanel
- Deltakartrappa er meir rigga for utviklingsoppgåver enn omstilling/innsparing
- Folkemøte blir ein arena for å snakke mot forslaget, men får ikkje til samskaping
- Stille spørsmål om kva innbyggjarane har behov for og kva folkevalde treng i prosessen
- Bruk av nye kommunikasjonsflater t.d. video
- Fellesmøte mellom formannskap, utval for oppvekst og kultur og ungdomsrådet
- Gjennomføre evaluering av gjennomførte prosessar
- Samhandling med media/Firda i rolla som kunnskapsformidlar

I framtida må vi prioritere i større grad, og kanskje annleis. Korleis får vi det til i vår kommune? Kva konkret må vi gjere?

- Vi har starta på berekraftige helse, sosial og omsorgstenester. Dette blir eit kunnskapsgrunnlag, men det må vere stor grad av involvering undervegs.
- Politikken vil ha endå større behov for å forstå sektoren. Skule og barnehage er enklare å forstå. Helse, sosial og omsorg er meir kompleks. Vanskeleg og fordi det er ein sektor i vekst, men at vi likevel må gjere noko. Trur det er nødvendig å bruke tid i lag mellom politikk og administrasjon for å få eit felles kunnskapsgrunnlag.
- Kan bygge på same metode som i barnehage og skule, men har mindre styringsparameter i omsorg
- Workshop med politikk og administrasjon der vi går inn i Kostra-analyse ref. Chris.
- Gjennomføre evaluering av dei tenestene som blir utført.
- Modell for kva parameter vi kan påverke og justere på.
- Fleire tenesteområde som inngår, men må gjere prioriteringar av kostnadsdrivarar. Korleis kan vi skru på desse kostnadsdrivarar.
- Må lande eit tenestenivå før veksten slår til - eksponensiell vekst.

- Må tidleg avklare korleis prosjekt/prosess skal riggast ved bruk av ekstern og politisk involvering.

Kva skal vi gjere innan neste samling?

- Vi må kome i gang med helse og omsorg
- Verktøy for å gjennomføre/ prosess-støtte
- Oppfølging av instruks for oppfølging av kunnskapsgrunnlag og til gjennomføring og gevinstrealisering.
- Tørre å prøve og feile. Vi finn ikkje alle svar.
- Samarbeid med andre kommunar - må unngå å skru opp rekrutteringstillegg

Kva er dei tre viktigaste lærdommane frå samlinga?

- Vi sit alle i same båt
- Her er andre vi kan lære av: Bømlo og Austevoll (primærhelseteam) som dømme
- Samhandlingsarena mellom politikk og administrasjon; ein god arena for dei gode samtale.

Vegen vidare

- Kunnskapsgrunnlag ref. instruks for å få kontroll på avvika våre
- Planlegge ein workshop med KS-Chriss saman med formannskap, leiargruppe og hovudtillitsvalde. Kvalitetssikre i forkant.
- Perspektivmelding aktuell som oppspel til økonomi- og handlingsplan
 - o Forsiktig tilnærming

Tredje samling i september

- Arbeidsgjevarpolitikk
- Kompetanse og rekruttering
- Partssamarbeid
- Vidare på leiing i omstilling
- Scenarietenkning